



Sunnfjord
kommune

Vurdering av strukturtiltak

Tiltak C – «Heile Førde» ungdomsskule, med bevaring av
Førde barneskule



Innhold

| | |
|-------------------------------------------------------------------------------------|----------|
| Tiltak C – «Heile Førde» ungdomsskule, med bevaring av Førde barneskule..... | 3 |
| Beskriving av tiltak..... | 3 |
| Geografi og elevtalsutvikling | 3 |
| Kapasitet | 6 |
| Konsekvensar | 6 |
| Økonomisk effekt..... | 6 |
| Konsekvensar for elevane | 7 |
| Konsekvensar for tilsette | 8 |
| Konsekvensar for lokalsamfunnet..... | 8 |
| Andre konsekvensar..... | 8 |
| Effekt- og konsekvensmatrise | 9 |
| Konklusjon | 9 |

Tiltak C – «Heile Førde» ungdomsskule, med bevaring av Førde barneskule

Tiltaket er identisk med tiltak A, men der ein bevarer Førde barneskule. Tiltaket består dermed at to aktivitetar, med to alternativ for barnesteget på Flatene og Halbrend:

- Halbrend skule (ungdomssteget) og Førde ungdomsskule vert slått saman og blir lokalisert på tidlegare Hafstad vidaregåande skule.
- Flatene skule vert flytta til Halbrend skule, som blir 1.-7.-skule. Flatene skulebygg vert frigitt, og kan nyttast til andre kommunale tenester eller seljast.

Eller...

- Flatene skule blir ein 1.-4.-skule, og Halbrend skule blir 5.-7.-skule.

Start | Haust 2026


Beskriving av tiltak

Geografi og elevtalsutvikling


I Førde sentrum er det 4 grunnkretsar: Slåtten, Førde, Halbrend/Flatene og Sunde. I tillegg kjem Holsen krins til Halbrend på ungdomssteget.

Førde ungdomsskule får sine elevar frå Slåtten og Førde barneskular. Halbrend får sine elevar frå Flatene, Sunde og Holsen barneskular.

Elevar ved Holsen og Sunde vil måtte køyre forbi Førde ungdomsskule, for å komme opp til Halbrend skule når Førde ungdomsskule tek Hafstad VGS-bygget i bruk. Halbrend ligg 1,9 km frå tidlegare Hafstad vidaregåande, der Førde ungdomsskule skal flytte inn.



Med utgangspunkt i barnetal frå folkeregisteret ser elevtalsutviklinga slik ut for ungdomssteget:




Her er elevtal ved Førde ungdomsskule og Halbrend ungdomssteg med gjeldande skulekrinsar. «Heile Førde» ungdomsskule er summen av dei to ungdomsskulane.

Med utgangspunkt i barn som er folkeregistrert i skulekrinsane i dag vil det vere 538 elevar på ungdomssteget hausten 2026 (født 2011-2013) som hører til Førde ungdomsskule og Halbrend skule.


Av dei elevane er det omlag 110 som vil ha rett på skyss på grunn av avstand til/frå Hafstad VGS. Om ein ser på kor mange elevar som ville hatt rett på skyss til Førde

ungdomsskule og Halbrend skule er talet 108. Dette utgjer ein auke på to elevar. Dette anslaget er basert på tal elevar innafor 4 km, radius frå skulebygga. Det kan i realiteten vere fleire då det vegavstand som gjeld.

For barneskulane ser det slik ut med gjeldande skulestruktur:



Ved samanslåing av Flatene og Halbrend, eller ny fordeling av elevar på Flatene og Halbrend vil elevtalet sjå slik ut:



Kapasitet

Vi legg til grunn at bygget Halbrend skule er betre rusta for å vere ein 1.-7. skule, enn Flatene. Skulen har renoverte spesialrom, kort veg til idrettshallen og ei betre løysing for buss/bil-trafikken som ein skule genererer. Flatene har ein meir utfordrande trafikkasjonsituasjon med smal og bratt veg der skulebussane ikkje ynskjer å køyre opp. Den totale kapasiteten på Halbrend er også høgst.

På Halbrend skule er det 19 klasserom. Det gir kapasitet på 475 elevar dersom vi har 25 elevar i kvart klasserom. Vi vurderer at bygget er godt eigna til å huse 1.-7. klasse, og at ein har anledning til å legge til rette for fleire grupperom, spesialrom og areal for meir praktisk retta undervisning. Ved samanslåing av Halbrend og Flatene vil det framleis vere stor overkapasitet på bygget.

Flatene skule har 14 klasserom. Skulen vil kunne ta imot 3 parallellear per trinn som svarar til om lag 330 elevar. Skulebygget er bygd for å vere spesialtilpassa 1.-4. trinn.

Konsekvensar

Økonomisk effekt

Vi får ikkje effekt av dette tiltaket før siste halvdel av 2026, altså full effekt i 2027. Vi ser for oss følgande effektar:

- Reduksjon i leiingsressurs
- Reduksjon i andre kommunale årswerk (Merkantil, bibliotekar osb.)
- Stordriftsfordelar knyt til auka elevmasse
- Reduksjon i driftsutgifter (BEF) på ein skule

Dette tiltaket har to ulike alternativ. Alternativet med å slå saman Flatene og Halbrend gir følgande utslag:

| | Budsjettår | Økonomiplanperiode | | | | | Beløp i 1000 |
|-------------------------|------------|--------------------|-------|-------|-------|-------|--------------|
| | | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | |
| | | | | | | | |
| Teneste 202 | 0 | 0 | 2 175 | 4 911 | 4 484 | 4 508 | |
| Bygg | 0 | 0 | 2369 | 4442 | 4442 | 4442 | |
| Tilskot pr. grunnskule. | 0 | 0 | -563 | -563 | -563 | -563 | |
| Sum | | | 3 981 | 8 790 | 8 363 | 8 387 | |

Alternativet med Flatene skule som 1.-4.-skule, og Halbrend som 5.-7. skule gir følgande utslag:

| | Budsjettår | Økonomiplanperiode | | | | | Beløp i 1000 |
|------------------------|------------|--------------------|-------|-------|-------|-------|--------------|
| | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | 2028 | 2029 | |
| Teneste 202 | 0 | 0 | 1 260 | 2 692 | 2 208 | 2 162 | |
| Bygg | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| Tilskot pr. grunnskule | 0 | 0 | -563 | -563 | -563 | -563 | |
| Sum | | | 1 260 | 2 692 | 2 208 | 2 162 | |

Konsekvensar for elevane

Ved samanslåing av barnetrinna på Halbrend skule vil dei yngste elevane vil oppleve å bli flytta til ein større skule. Det vil vere 84 fleire elevar på Halbrend 1.-7. hausten 2026 enn det blir på Flatene skule. Det er ei betydeleg, men ikkje radikal auke.

Klassetrinna vil vere like store då det ikkje vert tilført fleire elevar til skulekrinsen.

Dei minste elevane vil ikkje vere like godt skjerma som dei er på Flatene skule, med eige bygg.

Ved å slå saman skulane er det lettare for leiing og støtte-tenester å fordele sine ressursar der behovet er størst, og på den måten få best mogleg effekt ut av innsatsen.

Ved at staben på skulen blir større, vil det vere lettare å legge planar som sikrar at elevane får undervising av lærarar med rett fagleg kompetanse.

Vegen opp til Flatene skule har i lang tid vore eit tema når det gjeld skuleskyss. Bussane har problem med å køyre opp bakken på vinterstid, og elevar dermed måtte nytte haldeplassen på Halbrend på vinteren. Sidan det primært er 1. klasseelevar som har rett til skyss, har dette vore ei ordning foreldre ikkje har vore trygg på. Det er mykje trafikk i området, og det kan mellom anna vere krevjande for 1.klassingane å komme seg på rett buss.

Trafikkbilete kring Halbrend skule er betre tilrettelagt enn ved Flatene skule. Det er gjort utbetringar på busshaldeplass ved avkjøringa frå E39. Og det er mogleg for mjuke trafikantar å nytte seg av fortau langs Liavegen, og ned til skulen. Det vil vere noko mindre trafikk i området då skulen frå hausten 2025 til hausten 2026 vil, med tiltak 1 og 2, gå i frå 370 til 321 elevar.

Dersom ein omorganiserer barnetrinnet, og har 1.-4. på Flatene skule og 5.-10. på Halbrend vil begge skulane oppleve ein reduksjon i elevtal.

Konsekvensar for tilsette

Det vil vere ei omstilling for dei tilsette å slå saman dei to skulane. For dei tilsette ved Flatene vil endringa bli størst, då dei må over i ein anna type lokale ulikt det dei er vand med. I tillegg vil dei tilsette på Flatene ha opplevinga av å bli flytta inn på ein allereie etablert skule, sjølv om tilsette på Halbrend også står i ei betydeleg omstilling utan ungdomssteg.

For tilsette ved Halbrend vil det truleg opplevast som ei stor omstilling når ein størstedel av kollegaene følgjer med ungdomsskuleelevarane til ny Førde ungdomsskule, og deretter få ei heilt ny gruppe kollegaer inn i staben.

Sjølv om det blir ei omstilling for dei tilsette, vil ein stå att med ein meir naturleg struktur med 1.-7. -skule.

Profesjonsfellesskapet vil ha gode føresetnader ved denne organiseringa og det vil bli lettare å rekruttere lærarar då ein ser at fleire søkerar ynskjer seg til større skular der dei kan få fleire undervisningstimar i sitt fag. I tillegg gir det leiinga meir fleksibilitet i disponering av personell på større skule.

Dersom Flatene held fram som 1.-4.-skule vil ein få eit fagmiljø som er meir spissa inn mot byrjaroplæringa, som kan vere ein fordel. Det kan bli utfordrande med rekruttering då søker massen i lågare grad har kompetanse på byrjaroplæring (få vel 1.-7. på lærarutdanninga).

Konsekvensar for lokalsamfunnet

Vi vurderer at begge strukturendringane har minimale konsekvensar for lokalsamfunnet, då skulane ligg så tett. Det vil bli mindre trafikk på vegnettet opp til Flatene skule dersom skulane vert samla. Dette kan vere ein fordel for dei som bur der. Då elevar frå Flatene går vidare til Halbrend skule i dag, vil nok begge skulane ha ei like sterkt lokal forankring.

Andre konsekvensar

Dersom ein vel å halde fram med skule på Flatene og Halbrend, vil potensiell innsparing vere redusert betydeleg. Men alternativet vil kunne gi kommunen tid til å bygge om Halbrend skule, slik at den er tilpassa behovet som yngre klassesteg utløyser (Garderobe, SFO-base m.m.).

Effekt- og konsekvensmatrise

Her skal du vurdere av effekten av tiltaket sett opp i mot konsekvensen av tiltaket. Tiltak med låg konsekvensen og høg effekt (grøne tiltak) bør gjennomførast før tiltak med høg konsekvens og låg effekt (røde tiltak).

| | | Effekt og konsekvens | | | | |
|------------|---|----------------------|----|----|----|-----|
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| Konsekvens | 1 | 2 | 4 | 6 | 8 | 10 |
| | 2 | 3 | 6 | 9 | 12 | 15 |
| | 3 | 4 | 8 | 12 | 16 | 20 |
| | 4 | 5 | 10 | 15 | 20 | 25 |
| | 5 | | | | | |
| | | Effekt | | | | |
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 |
| | | Låg | | | | Høg |

| Effektverdi | Konsekvensverdi | Matriseverdi |
|-------------|-----------------|--------------|
| 2 | 4 | 8 |

Vurdering: Tiltaket er vurdert som gult

Konklusjon

Tiltak C er vurdert i lys av potensielle økonomiske, organisatoriske og praktiske effektar for både elevar, tilsette og lokalsamfunnet. Det omfattar endringar i skulestrukturen i Førde, med samanslåing av ungdomsskulane og eventuell omstrukturering av barnetrinna på Halbrend og Flatene. Analysane viser at tiltaka kan gi innsparingar knytt til stordriftsfordelar, reduksjon i leiings- og driftsressursar og auka fleksibilitet i organiseringa av skulekvardagen. Samstundes er det identifisert fleire konsekvensar, som vil krevje tilpassing for elevar og tilsette, og som kan påverke elevmiljø, fagmiljø og trafikale forhold i lokalmiljøet.

Tiltaket syner også kva utslag nedlegging av Førde barneskule har av betydning for den økonomiske effekten i tiltak A og B.